



GULATING LAGMANNSRETT

DOM

Sagt: 08.05.2020

Saksnr.: 19-079032ASD-GULA/AVD1

Domarar:

Lagdomar
Lagdomar
Ekstraordinær lagdomar

Per J. Jordal
Knut Harald Braathen
Birger A. Stedal

Meddomarar:

Vice president HR
Distriktssekretær

Holger Baugstø Iversen
Torbjørn Reigstad

I Anke

Ankande part

Navn redigert bort

Advokat Eyvind Mossige

Ankande part

Advokat Eyvind Mossige

Ankande part

Advokat Eyvind Mossige

Ankande part

Advokat Eyvind Mossige

Partshjelpar (§15-7) Industri Energi

Advokat Eyvind Mossige

Ankemotpart

Stena Drilling AS

Advokat Trond Stang

Advokat Marie Nesvik

II Anke

Ankande part

NN

Advokat Bent Endresen

Ankande part

Advokat Bjørn Inge Waage

Ankande part

Advokat Bjørn Inge Waage

Ankande part

Advokat Bjørn Inge Waage

Ankande part

Advokat Bent Endresen

Ankande part

Advokat Bent Endresen

Ankande part

Advokat Bjørn Inge Waage

Ankande part

NN

Advokat Bjørn Inge Waage

| | | |
|--------------|----|--------------------------|
| Ankande part | NN | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | NN | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| | | |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| | | |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | NN | Advokat Bjørn Inge Waage |

| | | |
|----------------------|-----------------------|--------------------------|
| Ankande part | NN | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | Advokat Bent Endresen | |
| Ankande part | NN | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | Stena Drilling AS | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Ankande part | | Advokat Bent Endresen |
| Ankande part | | Advokat Bjørn Inge Waage |
| Partshjelper (§15-7) | | Advokat Eyvind Mossige |
| Ankemotpart | Stena Drilling AS | Advokat Trond Stang |
| | | Advokat Marie Nesvik |

Saka gjeld krav om skadebot knytt til påstått verksemdsoverdraging etter at bemanningsansvaret for flyttbar borerigg vart flytta frå eit selskap til eit anna selskap og boreriggen vart flytta frå Noreg til Skottland. Det er vidare kravd fastsetjingsdom for at det har skjedd ei verksemdsoverdraging.

Framstilling av saka

I den påanka domen frå Bergen tingrett av 4.3.2019, er det på side 4-7 gjeve ei framstilling av saka som partane, med eit mindre atterhald, er samde om kan leggjast til grunn av lagmannsretten. Framstillinga lyder slik:

Boreriggen Stena Don er flytende borerigg. Den har siden den ble bygd i 2001 ikke hatt et fast forankringssystem når den boret, men blitt holdt i posisjon av flere store propeller og et posisjoneringssystem. Det har hatt sine driftsmessige fordeler og ulemper, men også innebåret at det er ikke alle typer oppdrag riggen var hensiktsmessig å bruke. Riggen er registrert på Marshall øyene og eid av Stena Don Cyprus Ltd., et selskap i Stena konsernet.

Stena Don AS (norsk selskap i Stena konsernet) inngår i 2010 en avtale med Statoil om boring på Troll feltet på norsk sektor. For å utføre oppdraget leier da Stena Don AS riggen Stena Don fra riggens eier Stena Don Cyprus Ltd., uten mannskap (bareboat avtale). Stena Don AS inngår videre avtaler med en rekke selskaper i Stena konsernet for å gjennomføre oppdraget på Trollfeltet. Det er blant annet support services avtale med Stena Drilling Ltd (UK), men særlig viktig her er det at Stena Don AS inngår avtale med Stena Drilling AS (norsk selskap) om bemanning av riggen med offshore mannskap og landbasert arbeidstakere fra Stena Drilling Management AS (også norsk selskap).

Mannskapet på riggen gikk i en 2-4 rotasjon; dvs to uker på riggen og fire uker av riggen. Det var til sammen 180 ansatte på riggen, med en til enhver tid 60 ansatte på riggen. Alt mannskap om bord på riggen kom fra Stena Drilling AS. På grunn av den endrede situasjonen på oljemarkedet benyttet Statoil oppsigelsesmuligheten av boreavtalen i slutten av oktober, med virkning fra begynnelsen av november, alt i 2016. Dette var noen måneder før avtalens egentlige utløp i februar 2017. Man hadde ikke andre oppdrag for riggen Stena Don og riggen ble besluttet lagt i såkalt «varmt» opplag på Hanøytangen i Norge. Riggen ankommer Hanøytangen den 16. november 2016. Siden riggen var ny i 2001 hadde riggen for alle praktiske formål stort sett hatt oppdrag frem til da.

Varmt opplag innebærer at man beholder en god del av de ansatte på riggen og kjører en del prosedyrer på riggen for å holde den klar på kort tid å kunne starte på oppdrag. Man trenger da de fleste av profesjonene til å bemanne riggen i varmt opplag. Legger man riggen i såkalt «kaldt» opplag blir de fleste systemer lagt ned og riggen konservert for langt opphold uten drift. Man trenger da ytterst få ansatte til å passe på riggen. Fordelen med å legge riggen i varmt opplag er at det er lettere å få riggen i gang igjen for nye oppdrag, mens ved kaldt opplag vil det i beste fall ta lang tid å få riggen i virksomhet igjen. Kommersielt er det mye lettere å få oppdrag til en rigg i varmt opplag enn en rigg i kaldt

opplag, mens det er atskillig billigere å ha en rigg i kaldt opplag. Faren med å ha riggen i kaldt opplag og i hvert fall over tid, kan gjøre det tilnærmet umulig å få riggen ut igjen i drift.

Stena Drilling AS har møte med de ansattes foreninger 26. og 27. oktober 2016 om situasjonen knyttet til at oppdraget på Troll er avsluttet, at man ikke hadde noen nye oppdrag og situasjonen med varmt opplag. Den 7. november 2016 er det drøftinger om permitteringer og bemanningssituasjonen med riggen i varmt opplag på Hanøytangen.

Arbeidsgiver og de tillitsvalgte inngikk den 14. november 2016 det de omtaler som «Hanøytangen agreement». Det blir enighet om permittering av om lag 2/3 av de ansatte. De gjenværende 69 ansatte fortsatte i en ordinær 2-4 rotasjon med 23 ansatte på riggen til enhver tid. Ingen av de fire saksøkerne som advokat Cascio representerer ble permittert. Senere, den 5. juli 2017, blir man enig om å forlenge permitteringen, men arbeidsgiver gikk ikke med på ønske fra arbeidstakernes tillitsvalgte om en rotering mellom de ansatte om hvem som skulle være permittert.

I Stena konsernet begynner man etter hvert høsten 2017 å vurdere å flytte riggen til opplag i Storbritannia og eventuelt å oppgradere riggen. Oppgraderingen ville i tilfelle være å montere ankersystemer som gjør at man som de fleste flytende borerigger kan forankre riggen og ikke bruke posisjoneringssystemet og propellene for å holde riggen på riktig plass under boring. Grunnen til at man vurderte å flytte riggen til Storbritannia var at ledelsen i riggselskapet/selskaper i Stena konsernet mente at det var mye dyrere med både varmt og kaldt opplag i Norge.

I styremøte den 12. oktober 2017 i Stena Don Cyprus Limited ble disse forholdene diskutert og ifølge protokollen gjorde man det for å spare penger som var viktig for fortsatt drift. I tillegg til ovenstående om besparelse ved varmt opplag, ble det opplyst at man ville undersøke mulighetene ved ytterligere besparelser ved kaldt opplag før oppgraderinger av riggen, samt at det snart ville bli presentert sak for styre om oppgradering, jfr. ankringsystemet. I følge forslaget var det i Norge verken ledige steder for kaldt opplag eller ledige tørrdokkmuligheter for oppgradering. Det ble også vurdert at det var få muligheter for oppdrag i Norge for riggen. Styret beslutter å flytte riggen og at eksisterende «Drilling management agreement» med Stena Don AS sies opp og at det inngås ny avtale med Stena Drilling Ltd.

Det blir den 13. oktober 2017 holdt felles styremøte i Stena Don AS, Stena Drilling AS og Stena Drilling Management AS. Bakgrunnen for møte var beslutningen fra riggeier om å flytte riggen fra Norge til Storbritannia. Det fremgår at det da var 69 offshore ansatte for å ha riggen i varmt lager, mens 109 var permitterte. Styret besluttet, blant annet, å si opp alle ansatte i Stena Drilling AS.

I dagene 17-20. og 25. oktober 2017 blir det holdt møte mellom arbeidsgiver og tillitsvalgte etter arbeidsmiljøloven § 15-2. Det fremgår av referatet at det tidligere var blitt holdt flere møter mellom partene i august, september og oktober 2017 om selskapets og de ansattes fremtidige situasjon. Fra referatet fremgår det at den 13. oktober 2017 ble besluttet å flytte

riggen fra Norge til Invergordon i Storbritannia for kaldt opplag og at det også var foreløpige planer om å skulle få fast forankringssystem på riggen. De tillitsvalgte så i denne situasjonen med masseoppsigelse, ikke nødvendig å holde individuelle møter etter § 15-1, men at de som ønsket det kunne få tilbudet. Personellet som i Norge var med i varmt lagermannskapet ville bli nedbemannet så snart man hadde fått riggen over til Storbritannia.

I slutten av oktober blir riggen flyttet fra Hanøytangen til Ågotnes. Der blir riggen klargjort for overfarten til Invergordon i Skottland. Propellene blir tatt av, noe som er en dyr og omstendelig prosess. Propellene må tas av hvis riggen skal lagres kaldt, men måtte uansett tas av for å gå inn til kai i Invergordon. Overfarten skjer 19.-23. november 2017.

«Drilling management» avtalen ble avsluttet for Stena Don AS og ny slik avtale ble inngått den 20. november 2017 mellom riggens eier, Stena Don Cyprus Ltd., og Stena Drilling Ltd., inkludert at det sistnevnte selskapet hadde ansvaret for å skaffe nødvendig personell til riggen. Stena Drilling Ltd. inngår bemanningsavtale med Stena Drilling PTE Ltd. den 1. januar 2018.

I en såkalt ukentlig rapport vedlagt e-post av 15. januar 2018 fremgår: «Rig at Invergordon – Continue Equipment preservation – Presserv 75 % total for phase 1 – Prepare rig for «Cold Stack».» «Cold stack» er engelsk for kaldt opplag. Riggens klassifiseringsselskap, DNV-GL, har gitt «Declaration regarding preservation of lay-up vessel» med angivelse «preserved» og under preservasjon plan angitt: «Stena Don Cold Stack spesifcation ...» etter undersøkelse 1. februar 2018 da riggen lå i Invergordon.

I en e-post av 18. april 2018 fra ansatt i Stena Drilling HR ltd. er det uttalt at intensjonen var at riggen skulle få kaldt opplag status, men da det ble mulighet for arbeid, så ble ikke prosessen med kaldt opplag ferdigstilt. Saksøkte og ansatte i Stena konsernet, bestrider i dag at dette var en korrekt beskrivelse fra denne ansatte, men at riggen som i avsnittet ovenfor var i kaldt opplag i januar – februar.

På det minste var det syv ansatte for å etterse riggen, fem fra saksøkte og to fra det skotsk baserte selskapet.

I slutten av januar 2018 ble det kontakt mellom Total og Stena Drilling PTE Ltd. om bruk av riggen Stena Don nord for Skottland i Glendronach utenfor Shetland. I begynnelsen av februar la Stena inn anbud på oppdraget og det ble inngått en intensjonsavtale. I slutten av mars ble det inngått avtale og selve oppdraget i Glendronach begynte 27. mai 2018.

Arbeidet med å legge riggen i kaldt opplag ble avsluttet og fra slutten februar trappet man opp igjen bemanningen til 38 ansatte den 1. mars 2018. Riggen ble flyttet fra Invergordon 3. mars 2018 og flyttet lengre nord til Scappa Flow hvor riggen ble ferdig klargjort for oppdraget frem til 22. mai 2018. Ansatte på riggen er bemannet med ansatte fra Stena Drilling PTE Ltd.

Stena Don er i drift for Total utenfor Shetland fra 27. mai 2018. Riggen er bemannet med 188 arbeidstakere fra Stena Drilling PTE Ltd, hvorav 37 ansatte var tidligere ansatte i Stena

Drilling AS som arbeidet på Stena Don i norsk sektor. Rigger er senere tatt til verft for å få fast montert ankringsystem.

Som nemnt er partane samde om at framstillinga kan leggjast til grunn, men har teke atterhald når det gjeld tingretten si framstilling om «varmt» og «kaldt» opplag. Med unntak av det som er teke atterhald for, legg lagmannsretten tingretten si framstilling til grunn, og vil gje supplerande merknader til framstillinga i den grad det er naudsynt for å gje svar på dei spørsmål lagmannsretten skal ta stilling til.

Saka ved tingretten vart innleia ved at to stemnemål vart utteke 6.6.2018. Stena Drilling AS var saksøkt i baa sakene og gav tilsvar. For nokre av saksøkjara vart det sagt hevingsorskurd under saksførebuinga. For dei gjenståande krava fremja i dei to stemnemåla, vart det vedteke at sakene vart sameina til felles førehaving. Det vart elles under saksførebuinga vedteke å dela forhandlingane slik at retten først skulle ta stilling til fastsetjingspåstand om krav på skadebot og fastsetjingspåstand om at det førelåg ei verksemdsoverdraging.

Bergen tingrett sa dom 4.3.2019 med slik domsslutning:

1. *Stena Drilling AS frifinnes.*
2. *Hver av partene bærer egne omkostninger med saken.*

Det vart 3.4.2019 gjeve ankefråsegn i baa dei to pådømde sakene. Stena Drilling AS gav rettidig anketilsvar. Industri Energi gav 4.4.2019 fråsegn om partshjelp til føremon for dei fire ankande partar som var medlemmer av foreininga. Det vart under saksførebuinga lagt til grunn av lagmannsretten i orskurd av 27.6.2019 å vera semje om same foreining av sakene som for tingretten, samt at førehavinga av saka skulle delast på same måte slik at eventuell utmåling av skadebot skal behandlast seinare. Når det galdt kravet om fastsetjingsdom for at det har skjedd ei verksemdsoverdraging, fastheldt ankemotparten at dette kravet måtte avvistas, og lagmannsretten la i orskurden til grunn at dette spørsmålet vert å ta stilling til av den dømande rett.

Etter avslutta saksførebuing vart ankeforhandling halde i Gulating lagmannsretts lokaler i Bergen, 10. – 12.2.2020. Av dei ankande partar møtte Ivor Matthew, Michael John Boyne, Sondre Skifjell og Stig Rune Refvik. Dei gav alle forklaring i tillegg til ankande part Martin Molin som gav forklaring over telefon. Som representant for partshjelpar Industri Energi møtte Wayne Pena. Advokat Eivind Mossige møtte som prosessfullmektig for dei ankande partar Graham, Matthew, Boyne og Swale samt for Industri Energi. Advokatane Bent Endresen og Bjørn Inge Waage møtte som prosessfullmektigar for 78 andre ankande partane. For ankemotparten, Stena Drilling AS, møtte Stuart Wyness som partsrepresentant og gav forklaring. Som prosessfullmektigar for Stena Drilling AS møtte advokatane Trond

Stang og Marie Nesvik. Det vert høyrte fire vitne og elles føreteke slik dokumentasjon som framgår av rettsboka.

Påstandsgrunnlaget til dei ankande partar og partshjelpar

Lagmannsretten legg til grunn at alle dei ankande partar har gjort gjeldande det same påstandsgrunnlaget.

Dei ankande partar gjer gjeldande at det føreligg ei verksemdsoverdraging frå Stena Drilling AS til systemselskapet Stena Drilling PTE Ltd, jf arbeidsmiljølova § 16-1. Kjernen i saka er at bemanningsansvaret for riggen Stena Don rundt årsskiftet 2017/2018 vart overført frå Stena Drilling AS til Stena Drilling PTE Ltd.

Føremålet om arbeidstakarvern står sentralt ved bruken av reglane om verksemdsoverdraging, og det må skje ei føremålsstyrt tolking av vilkåra i favør av arbeidstakarane, jf HR–2017–2277–A (Aleris) avsnitt 45. Det er realiteten som skal leggjast til grunn, uavhengig av kontraktsmessige innrettingar og selskapsstruktur.

Både overføringsvilkåret, einingsvilkåret og identitetsvilkåret er oppfylt i dette tilfellet. Generelt har saka mange fellesstrekk med saka i Rt 2012 s 983 (Songa), der det òg var Stena Drilling AS som var saksøkt, som overdragar, på tilsvarende måte som i denne saka.

Det er semje mellom partane om at overføringsvilkåret er oppfylt. Overdraginga har skjedd gjennom fleire kontraktslekkar i ein klassisk trepartskonstellasjon, ikkje ulik situasjonen i Rt 2010 s 330 (Bardufoss).

Dei ankande partar sluttar seg til fleirtalet i tingretten si vurdering av at einingsvilkåret er oppfylt. Det førelåg ei sjølvstendig økonomisk eining knytta til drifts- og bemanningsoppdraget for riggen Stena Don før overføringa. Det er snakk om ei klart identifiserbar og sjølvstendig produksjonseining, jf Rt 2012 s 983 (Songa) avsnitt 69.

Det vert vidare gjort gjeldande at identitetsvilkåret er oppfylt. Det er bemanninga av riggen Stena Don som er gjenstand for overføring. Det vert særleg synt til at verksemda framleis er knytt til same rigg, at aktiviteten på riggen i det vesentlege var den same før og etter overføringa, og at ein ikkje uvesentleg del av dei tilsette vart overtekte av det nye driftsselskapet.

Fleirtalet i tingretten synest å ha lagt avgjerande vekt på styrevedtaket om å leggja riggen i kaldt opplag. Tingretten skriv mellom anna følgjande om dette:

«Det at forholdene endrer seg på en uforutsett måte, kan ikke endre det at man hadde besluttet kaldt opplag av riggen og var kommet langt på det arbeidet»

Dei ankande partar meiner at riggen aldri kom i kaldt opplag. I alle høve er tingretten sitt utgangspunkt ved vurderinga feil. Det følgjer av Rt 2001 s 248 (Olderdalen Ambulanse) at retten må ta omsyn til situasjonen slik den faktisk blei, det vil seia at riggen faktisk ikkje gjekk i kaldt opplag. Det heiter i den nemnde domen på side 257:

«Slik jeg ser det, kan spørsmålet om identitet vanskelig vurderes annerledes enn ut fra situasjonen slik den faktisk ble, hvor ansatte og aktiva ikke fulgte med, og ikke slik den ville ha blitt hvis Olderdalen Ambulanse AS hadde forholdt seg på annen måte»

På tilsvarande måte må identiteten vurderast i denne saka. Lagmannsretten må ta omsyn til det faktum at riggen ikkje gjekk i kaldt opplag, men fekk ny kontrakt.

Det kan ikkje opererast med noko fast nedre grense når det gjeld kor mange tilsette som vart overteke. I dette tilfellet er det særleg vidareføringa av bemanninga og drifta av den same riggen som utgjer dei faktorane som ber identiteten vidare.

Samtlege av dei ankande partar har tilknytning til eininga. Utveljinga til «warm stack-crewet» baserte seg på semje med fagforeiningane, og det vart brukt ansiennitet. Alle var tilsett i Stena Drilling AS i permitteringsperioden, sjølv om lønsplikt og arbeidsplikt var suspendert for dei permitterte. Dei permitterte kunne bli mobilisert på fem dagars varsel. Fleire vart kalla inn undervegs i permitteringsperioden.

Det føreligg ikkje noko opphald eller endring i aktiviteten som påverkar identitetsvurderinga. Riggen låg i opplag i eit heilt år før overføringa, og heldt fram i opplag etter overføringa. Oppdraget til både Stena Drilling AS og deretter Stena Drilling PTE Ltd har heile tida vore å drifta og bemanna den same riggen, anten han er i produksjon, i varmt opplag, kaldt opplag eller under transport. Det har ikkje noko rettsleg å bety om riggen ligg i kaldt opplag så lenge dette skjer i ein kort periode. Reint faktisk meiner det ankande partar at riggen aldri nådde å koma i kaldt opplag.

At verksemda vert overført til utlandet har ikkje i seg sjølv noko å bety for spørsmålet om verksemdsoverdraging. Direktivet gjeld overdragingar innan heile EØS-området.

Det vert gjort gjeldande at oppseiingane av samtlege av dei ankande partar er i strid med arbeidsmiljølova § 16-4 første lekk. Det følgjer av føresegna at det føreligg eit oppseiingsforbod både før og etter verksemdsoverdraginga dersom oppseiingane skuldast overdraginga.

Stena Drilling AS hadde ingen økonomiske, tekniske eller organisasjonsmessige grunnar til å gå til oppseiing – då alle arbeidsforholda i alle høve ville blitt overført til ervervar. Det er såleis ingen annan grunn enn sjøelve overdraginga som utgjer oppseiingsgrunnlaget.

Vedtaket om flytting vart basert på føresetnaden om billegare mannskap. Dette utløyste styremøte i Stena Drilling AS der det vart vedteke masseoppseiing. Wyness har forklart seg om stort press frå Stena-gruppa om at ein måtte spare pengar, noko Reinertsen har stadfesta. Men Stena Drilling AS sparte ikkje pengar på det som skjedde. Dei var eit reint bemanningsselskapet, der lønsmidlane kom frå eit anna selskap i Stena-gruppa.

Vedtaka om overføring vart teke før dei formelle vedtaka om oppseiinga og før riggen forlet Noreg. Overføringstidspunktet framstår å vera då riggen forlet norsk sektor. På det tidspunkt stod dei tilsette i Stena Drilling AS om bord.

Dei ankande partar krev fastsetjingsdom for at det føreligg ei verksemdsoverdraging, og syner til tingretten si vurdering om at det føreligg tilstrekkeleg rettsleg interesse. Det vert synt til HR-2018-1036-A, samt at utviklinga går i retning av at rettsleg interesse oftare vert anerkjent. T.d. kan ein få dom for at ei handling er i strid med EMK.

Partshjelparen vil openbert ha rettsleg interesse i å få fastsetjingsdom for at det føreligg verksemdsoverdraging.

Advokat Mossige la ned slik påstand på vegner av dei ankande partar han representerer:

1. Overføringen av Stena Drilling AS' virksomhet på riggen Stena Don til tredjepart utgjorde en virksomhetsoverdragelse etter arbeidsmiljøloven kapittel 16.
2. NN, NN, NN og NN har krav på erstatning fra Stena Drilling AS, jf. aml. § 16-4.
3. NN, NN, NN og NN tilkjennes sakskostnadene for Bergen tingrett og Gulating lagmannsrett.

Advokat Mossige la ned slik påstand på vegner av partshjelparen Industri Energi:

1. Industri Energi tilkjennes sakens omkostninger for Bergen tingrett og Gulating lagmannsrett.

Advokatane Endresen/Waage la ned slik påstand på vegner dei ankande partar dei presenterer:

1. Overføring av Stena Drilling AS sin virksomhet på riggen Stena Don til Stena Drilling PTE Ltd. utgjorde en virksomhetsoverdragelse etter arbeidsmiljøloven kapittel 16.
2. NN 78 Personer har krav på erstatning fra Stena Drilling AS, jf. aml. § 16-4.

3. Stena Drilling AS plikter å erstatte NN 78 Personer sine omkostninger for tingrett og lagmannsrett.

Påstandsgrunnlaget til ankemotparten

Ankemotparten meiner det ikkje har skjedd ei verksemdsoverdraging, då korkje einingsvilkåret eller identitetsvilkåret er oppfylt. Saka har ikkje nemnande til felles med Rt 2012 s 983 (Songa) og LA-2016-171472 (OSM), slik det er hevda.

Reglane om verksemdsoverdraging skal òg ivareta andre omsyn enn omsynet til arbeidstakarane, jf C-426/11 Alemo-Heron.

Einingsvilkåret er eit krav om ei sjølvstendig økonomisk eining. I Dir. 2001/23/EF art 1 bokstav b er økonomisk eining skildra som «en samling av ressurser som er organisert med det formål å drive økonomisk virksomhet»

At aktivitet vert overført er ikkje tilstrekkeleg til at vilkåret er oppfylt. I C-13/95 Süzen avsnitt 13 er det framhalde at ei eining ikkje kan avgrensast til den aktivitet ho utøver. Vidare heiter det:

«Dens identitet består også af andre forhold, som f.eks det personale, der er ansat i enheden, dens ytre rammer, tilrettelæggelsen af dens arbejde, dens driftsmåde og i givet fald også de driftsmidler, enheden råder over»

To andre sentrale domar om vilkåret finn vi i Rt 2011 s 1755 (Gate Gourmet) avsnitt 60 og AD dom nr 14/14, mål nr A 52/12. Desse domane er illustrerande for vår saka: korkje fysiske aktiva eller noko anna er overført til Stena Drilling PTE Ltd. Også svært få tilsette i Stena Drilling AS vart tilsett i Stena Drilling PTE Ltd, ca 20 %. I Songa-domen vart 60% av dei tilsette overført. Det var arbeidskrafta som kjenneteikna drifta.

Det er ikkje tilstrekkeleg å overføra aktiviteten og enkelte av arbeidstakarane, slik som i denne saka. Det er følgjeleg ikkje overført noko sjølvstendig økonomisk eining.

Når det gjeld overføringskriteriet, så følgjer det av rettspraksis at det skal svært lite til for at vilkåret er oppfylt, og ankemotparten legg til grunn at dette òg er tilfellet i denne saka.

Om identitetsvilkåret er oppfylt, må avgjerast etter ei heilskapsvurdering av situasjonen før og etter overføringa. Utgangspunktet vil vera dei såkalla «Spijkerskriteria», jf C-24/85 Spijkers avsnitt 13, også behandla i Rt 2012 s 983 (Songa). Ikkje alle momenta må vera oppfylt for at det skal føreliggja ei verksemdsoverdraging. På den andre sida kan det vera andre moment som er aktuelle å ta omsyn til. Like fullt er det karakteren til verksemda som er avgjerande for kva element som skal tilleggjast vekt og kva vekt dei skal ha.

I denne saka er det oppdraget med å bemanna riggen Stena Don som er hevda å vera overført, det vil seia ei verksemd karakterisert av arbeidskrafta. Eit avgjerande moment i denne saka vert såleis at «størstedelen av arbeidstyrken» i Stena Drilling AS ikkje er overteke av Stena Drilling PTE Ltd, jf C-463/09 Clece avsnitt 41. Det var 180 tilsette i Stena Drilling AS. Av desse byrja 37 i Stena Drilling PTE Ltd. Dette åleine tilseier at identitetsvilkåret ikkje er oppfylt.

Vidare er det ikkje overført aktiva frå Stena Drilling AS til Stena Drilling PTE Ltd. Korkje lokaler, utstyr eller anna lausøyre er overført.

Eit anna moment er at verksemda på Stena Don ikkje vart drive i ein periode på 1 ½ år. Dette skil saka frå Songa-domen. Same forholdet har òg ei side mot samanlikninga av aktivitetar før og etter overdraginga. Det er påstått at det ikkje skjedde endringar i aktiviteten. Dette stemmer ikkje. Sjølve aktiviteten var endra. Før den påståtte overdraginga vart det drive arbeid med boring etter olje og gass. Etter den påståtte overdraginga gjekk riggen gradvis mot kaldt opplag og hadde minimalt med aktivitet. Dette stiller seg heilt annleis i Songa-domen, der det er framhalde at «selve aktiviteten på riggen (var) i det vesentlige den same som før, nemlig boring etter olje og gass».

Dessutan høyrer det med til vurderinga at verksemda er overført til utlandet. I LA-2016-171472 (OSM) meinte lagmannsretten at det må vurderast konkret om ei overføring til ein annan jurisdiksjon, andre føresegner og marknadsvilkår, vil føra til ei såpass endra driftsform at identiteten ikkje lenger kan seiast å vera den same.

Patricia Craig har forklart at arbeidsavtalane no er underlagt britisk, ikkje norsk rett, og at dette gjev andre reglar om skatt, pensjon, velferdstenester, arbeidstid og skiftordningar. Norske tariffavtalar gjeld ikkje. Turnusen er endra frå 2-4 til 3-3. Det har skjedd endringar av arbeidsforhold og rutinar. I og med at britisk rett gjeld, vil ikkje ansiennitetsprinsippet kome til nytte ved eventuelle nedbemanningar.

Ankematparten syner elles til at grunnlaget for at Stena Drilling PTE Ltd kunne bemanna Stena Don følgde allereie av avtale frå 2008.

Ankematparten meiner at identitetsvilkåret ikkje er oppfylt.

Dersom lagmannsretten kjem til at det føreligg ei verksemdsoverdraging, gjer ankematparten subsidiært gjeldande at oppseiingane var sakleg grunngeve etter arbeidsmiljølova § 15-7 og at dei difor ikkje åleine var grunngeve i ei eventuell verksemdsoverdraging.

Oppseiingane hadde si årsak i ein langvarig økonomisk vanskeleg situasjon. Riggen stod utan oppdrag i over eitt år. Allereie på tidspunktet for permitteringane ville det vore sakleg grunn for å gå til oppseiing. At det var overtallige er ikkje omstridd. For å halda på kompetansen, og for å ivareta dei tilsette, valde arbeidsgjevar å permittera. Dette skjedde i samarbeid med fagforeiningane. I oktober 2017 var permitteringsperioden over. Framleis mangla det kontraktar og framleis var det sakleg grunnlag for oppseiing.

Det ville i alle høve vore grunnlag for kraftig nedbemanning, uavhengig av om riggen blei flytta.

Stena Drilling AS meinte at det som skjedde ikkje var noko verksemdsoverføring. Advokatråda sa det same. Problemet var at det ikkje var nokon å fakturera for oppdrag. Difor måtte alle seiast opp. Avgjerda om å gje opp riggen var ikkje fatta på oppseiingstidspunktet. Ved forflyttinga skjedde det ei lita oppbemanning, men deretter vart riggen lagt i kaldt opplag på ubestemt tid.

Forbodsregelen i arbeidsmiljølova § 16-4 har ei avgrensa rekkjevidde. Oppseiingane er i dette tilfellet grunngjeve i ei samansett vurdering etter arbeidsmiljølova § 15-7, dei er saklege og dermed ikkje i strid med forbodet.

I OSM-domen frå 2017, vart det lagt til grunn at oppseiingane ikkje åleine var grunngjeve i verksemdsoverdraginga. Det var mellom anna behov for ei monaleg nedbemanning og det var naudsynt med nye kontraktar tilpassa oppdraget og danske reglar. Oppseiingane var likevel usaklege på grunn av saksbehandlingsfeil.

I nærverande sak hadde dei organiserte i Industri Energi avtalar som galdt så lenge dei var i norsk sektor. Når det gjeld medlemene i SAFE er det berre framlagt ein avtale, og den er opplyst å vera annleis enn dei andre sine. Det høyrer elles med at arbeidstakarane i nærverande sak ikkje skulle bu på riggen under opplaget i Skottland. Dette er heilt annleis enn i OSM-domen.

Det er påstått at dei tilsette heller skulle blitt nedbemanna i Stena Drilling PTE Ltd. Men Stena Drilling AS hadde sakleg grunnlag for å nedbemanna, og ingen behandla situasjonen som ei verksemdsoverdraging. Samfunnsøkonomiske omsyn talar mot at ei verksemd med 180 tilsette, der det ikkje har vore drift i eitt år, skal gå fram slik dei ankande partar hevdar. I tillegg høyrer det med at ei slik nedbemanning i Stena Drilling PTE Ltd ville skjedd etter britisk rett, og altså på andre vilkår.

Oppsummeringsvis meiner ankemotparten at oppseiingane ikkje kan vera i strid med arbeidsmiljølova § 16-4, som seier at verksemdsoverdraging i seg sjølv ikkje kan grunngje oppseiingar. Oppseiingane vart gjeve av di verksemda i Noreg/på norsk kontinentalsokkel opphøyrt, og dei er sakleg grunngjeve. Det er i denne situasjonen ikkje grunnlag for skadebot.

Stena Drilling AS meiner dei ankande partar manglar rettsleg interesse i å få fastsetjingsdom for verksemdsoverdraging. Etter tvistelova § 1-3 må den som reiser saka «påvise et reelt behov for å kravet avgjort i forhold til saksøkte». Saksøklar har provbøra for at det føreligg eit «reelt behov». At Industri Energi har erklært partshjelp, endrar ikkje behovet for dei ankande partar, og har ikkje noko å bety ved vurderinga av den rettslege interessa.

Det følger av NOU: 2001 32 A s 187 at saksøkjær må ha eit «aktuelt behov for rettslig avklaring». Avgjerda med ha noko å bety for parten, rettslig eller faktisk.

Det føreligg ingen automatikk i at terskelen er lågare på arbeidsretten sitt område. Rettspraksis om teamet gjeld i det vesentleg oppseiings- og avskilssaker. Ein fellesnemnar har gjerne vore at fastsetjingsdom kan ha noko å bety for framtidige jobbsøknader. Dette er ikkje aktuelt her.

Om kravet til «reelt behov» er oppfylt må vurderast ut frå aktuell interesse, om spørsmålet har noko å bety prinsipielt og forholdet til informasjon og drøfting.

OSM-domen i frå Agder gjev ingen presedens. Lagmannsretten var i tvil og hadde inga overtydande behandling av spørsmålet. Tingretten hadde sagt fastsetjingsdom og spørsmålet var ikkje imøtegått av motparten.

Det følger av det EU/EØS-rettslege effektiviseringsprinsippet, at den enkelte medlemsstat utpeiker kompetente domstolar og prosessuelle reglar for saksanlegg. Det er ingen haldepunkt for at ikkje tvistelova § 1-3 på ein tilstrekkeleg måte ivaretek borgarane sin rett til å søkja rettsvern for rettane sine etter EØS-avtalen. Stena Drilling AS er usamd i at effektiviseringsdoktrinen gjev saksøkjærane betre vern enn det som følgjer av tvistelova § 1-3.

Stena Drilling AS er vidare usamd i at EMK gjev heimel for fastsetjingsdom.

Stena Drilling AS meiner fastsetjingsdom ikkje har noko å bety for arbeidstakarane, korkje for framtidige søknader eller på annan måte.

Fastsetjingspåstanden må avvisast.

Advokatane Stang/Nesvik har lagt ned slik påstand på vegner av Stena Drilling AS:

1. Prinsipalt: Anken forkastes.
2. Subsidiært:
 - i) Påstandens punkt 1 i ankeerklæringene avvises.
 - ii) For øvrig frifinnes Stena Drilling AS.
3. I alle tilfeller: De ankende parter dømmes – in solidum – til å erstatte Stena Drilling AS sine sakskostnader for tingrett og lagmannsrett.

Lagmannsretten har slik vurdering:

Lagmannsretten skal ta stilling til to krav. Det eine gjeld krav om fastsetjingsdom for at dei ankande partar har krav på skadebot frå Stena Drilling AS i medhald av arbeidsmiljølova § 16-4. Det andre gjeld krav om fastsetjingsdom for at overføringa av verksemda på riggen Stena Don frå Stena Drilling AS til Stena Drilling PTE Ltd utgjer ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16.

Ankemotparten meiner det sistnemnde kravet må avvisast. Sjølv om det er kravd avvising, finn lagmannsretten det mest teneleg ut frå samanhengen mellom grunnlaga for krava å først ta stilling til skadebotkravet.

Om verksemdsoverdraging

Arbeidsmiljølova § 16-4 første lekk fastslår at overdraging av verksemd til ein annan arbeidsgjevar (verksemdsoverdraging) ikkje i seg sjølv gjev grunn for oppseiing eller avskil frå tidlegare eller ny arbeidsgjevar. Etter § 16-4 tredje lekk gjeld § 15-12 tilsvarande ved tvistar etter § 16-4, og etter § 15-12 andre lekk kan arbeidstakaren krevja skadebot. Dette er oppgjeve som det rettslege grunnlaget for skadebotkravet.

Ankemotparten meiner prinsipalt at det ikkje føreligg noko verksemdsoverdraging, subsidiært at oppseiingane i dette tilfelle ikkje åleine er grunnngjeve i noko verksemdsoverdraging.

Lagmannsretten tar først stilling til om det føreligg ei verksemdsoverdraging. Kva som vert rekna som verksemdsoverdraging, følgjer av § 16-1, som lyder slik:

«Dette kapittelet kommer til anvendelse ved overdragelse av en virksomhet eller del av virksomhet til en annen arbeidsgiver. Med overdragelse menes overføring av en selvstendig enhet som beholder sin identitet etter overføringen.»

Føresegnene i kapittel 16 gjennomfører EU-direktiv 2001/23/EF i norsk rett. Føresegnene må difor nyttast i samsvar med direktivet, slik dette er tolka av EU-domstolen.

Etter praksis frå EU-domstolen vert det stilt opp tre vilkår for at det føreligg ei verksemdsoverdraging. Desse vilkåra er i Rt 2011 s 1755 (Gate Gourmet) avsnitt 47 til 49, oppgjeve slik:

«For det første må det overføringen gjelde en selvstendig økonomisk enhet. For det andre kreves at virksomheten er overført til ny innehaver på grunnlag av kontrakt eller ved sammenslåing av virksomheter. For det tredje er det et vilkår at den videreførte virksomheten i det vesentlige er den samme som før overføringen, slik at dens identitet er bevart.»

Det nærare innhald av vilkåra, slik dette er utvikla gjennom praksis frå EU-domstolen, er det gjort greia for i fleire høgsterettsdomar dei siste åra. Ein særleg tematisert dom i denne saka er Rt 2012 s 983 (Songa), som òg galdt spørsmål om verksemdsoverdraging av bemanningsansvar på ein rigg.

Om overføringsvilkåret

I nærverande saka er det ikkje omtvista at det har skjedd ei overføring av verksemd til ny innehavar, og at overføringsvilkåret såleis er oppfylt. Ankemotparten har erkjent dette med tilvising til at det skal lite til for at vilkåret er oppfylt. Noko semje om det faktiske grunnlaget for at vilkåret er oppfylt føreligg ikkje. Lagmannsretten legg til grunn at vilkåret er oppfylt, men at lagmannsretten ikkje er bunden av partane når det gjeld det faktum som ligg til grunn for at vilkåret er oppfylt. Det som likevel klart må leggjast til grunn, er at ansvaret for å bemanna riggen Stena Don på eit tidspunkt vart overført frå Stena Drilling AS til Stena Drilling PTE Ltd.

Om einingsvilkåret

Når det gjeld vilkåret om at overføringa må gjelda ei sjølvstendig økonomisk eining, finn lagmannsretten å ta utgangspunkt i det Høgsterett la til grunn om vilkåret i Rt 2012 s 983 (Songa) avsnitt 67 til 72:

(67) I EU-direktiv 2001/23/EF [artikkel 1](#) bokstav b er uttrykket "økonomisk enhet" beskrevet som "en samling av ressurser som er organisert med det formål å drive økonomisk virksomhet". Førstvoterende i [Rt. 2011 side 1755](#) (Gate Gourmet) har gitt en redegjørelse for hvilke kriterier som på bakgrunn av EU-domstolens praksis - spesielt avgjørelsene av 11. mars 1997 i sak [C-13/95 \(Süzen\)](#) og 13. september 2007 i sak [C-458/05 \(Jouini\)](#) - særlig gjør seg gjeldende når det skal tas stilling til om det foreligger en selvstendig økonomisk enhet. Jeg nøyer meg her med å vise til denne.

(68) Om det i denne saken foreligger en selvstendig økonomisk enhet, uttaler lagmannsrettens flertall:

"Det legges til grunn at en flyttbar borerigg driver økonomisk virksomhet, og at aktiviteten på Stena Dee inngikk som en del av stenakonsernets hovedvirksomhet. En slik flyterigg er konstruert for å utføre bestemte oppgaver, oljeboring på sokkelen, og den kan ikke enkelt ombygges til andre aktiviteter. Riggeren er flyttbar, men utgjør en geografisk enhet, skilt fra eierselskapets øvrige virksomhet. Den består av ulike funksjoner som støtter hverandre om et felles mål knyttet til boreoperasjonene. Riggens aktivitet skjer i hovedsak uavhengig av andre rigger og annen virksomhet som selskapet driver, og det er ikke vanskelig å behandle den enkelte rigg som en regnskapsmessig enhet. Det forhold at virksomheten offshore blir administrert av ansatte på land og slik sett er avhengig av visse støttefunksjoner, er etter flertallets mening ikke til hinder for at riggen utgjør en enhet. Mannskapet som arbeider på riggen, bor der også i arbeidsperioden, noe som skiller installasjonen fra de fleste andre arbeidsplasser. Disse forholdene taler etter flertallets syn for at riggen må anses som en selvstendig økonomisk enhet."

(69) *Jeg er enig i det lagmannsrettens flertall her uttaler. En borerigg er konstruert for å utøve aktivitet med sikte på økonomisk utnyttelse av ressurser på havbunnen. Den utgjør en klart identifiserbar og selvstendig produksjonsenhet. Med nødvendig utstyr og bemanning er virksomheten undergitt en organisering som samlet sett gjør at den framstår som en selvstendig økonomisk enhet.*

(70) *De ankende parter har innvendt mot lagmannsrettens drøftelse at den ikke tar i betraktning at virksomheten på riggen forutsetter en driftskontrakt med en operatør. Uten denne kan riggen ikke utøve noen virksomhet. Det anføres derfor at virksomhet knyttet til riggen isolert sett ikke kan utgjøre en selvstendig økonomisk enhet.*

(71) *Jeg er ikke enig i dette. I EU-domstolens dom 13. september 2007 i sak C-458/05 (Jouini) [avsnitt 34](#) uttales følgende om hva som utgjør en økonomisk enhet:*

"I denne sammenheng innebærer vurderingen af, om der foreligger en økonomisk enhed i den forstand, hvori udtrykket er anvendt i artikel 1, stk. 1, i direktiv 2001/23, at det skal efterprøves, om de driftsmidler, der er overført af overdrageren, hos ham udgjorde en operationel helhed, der i sig selv var tilstrækkelig til at gjøre det muligt at præstere tjenesteydelser, der er karakteristiske for virksomhedens økonomiske aktivitet, uden at det er nødvendigt at gøre brug af andre vigtige driftsmidler eller andre dele af virksomheden."

(72) *Slik jeg leser uttalelsen, skal utgangspunktet for vurderingen tas i de driftsmidler virksomheten er knyttet til. I vår sak er det det inntekspotensialet som er knyttet til riggen, som er avgjørende for om den kan anses som en selvstendig økonomisk enhet, og ikke den eller de konkrete kontrakter som måtte være inngått.*

Ankemotparten meiner at vilkåret stiller seg annleis i denne saka enn i Songa-domen. Med tilvising til C-13/95 Süzen avsnitt 13, Rt 2011 s. 1755 (Gate Gourmet) avsnitt 60 og AD dom nr 14/14, mål nr A 52/12, meiner ankemotparten at det ikkje er tilstrekkeleg at aktivitet og enkelte arbeidstakarar vert overført, slik som i nærverande sak. Konkret er det synt til at berre ca 20% av dei tilsette i Stena Drilling AS fekk tilsetjing i Stena Drilling PTE Ltd. Til samanlikning vart 60% av arbeidsstyrken på Stena Dee (Songadomen) overført.

Lagmannsretten finn, tilliks med fleirtalet i tingretten, at einingsvilkåret er oppfylt.

På same måte som i Songa-domen, er det bemanningsansvaret for ein bestemt rigg som vert overført frå eit selskap til eit anna. Heile verksemda til Stena Drilling AS var knytt til riggen Stena Don. At riggen både før og etter overføringa av bemanningsansvaret er eigd av eit tredje selskap, og at det ikkje vart overført fysiske aktiva frå Stena Drilling AS til Stena Drilling PTE Ltd, tilseier ikkje ei anna vurdering av kva som utgjør ei sjølvstendig økonomisk eining, enn den som følgjer av Songa-domen.

Utgangspunktet for vurderinga er dei driftsmidlar verksemda er knytta til. I denne saka, som i Songa-domen, er det inntekspotensialet knytta til riggen, som må vera avgjerande for vurderinga av om det føreligg ei sjølvstendig økonomisk eining. På overføringstidspunktet var det knytt eit inntekspotensiale til riggen. Riggen hadde lege eitt år i varmt opplag, og sjølv om dette var kostbart, hadde han lege slik nettopp avdi han skulle vera klar for nye oppdrag. Slike oppdrag vart føresetnadsvis rekna som aktuelle. Då

riggen vart vedteke lagt i kaldt opplag, vart det samstundes vurdert ombygging med fast forankringssystem. Denne vurderinga føreset eit inntekspotensiale. Den seinare utviklinga underbyggjer det same. Kort tid etter at vedtaket om kaldt opplag m.m. var gjort, vart det i januar 2018 etablert kontakt med Total om bruk av riggen, noko som igjen resulterte i avtale om nytt oppdrag i mars 2018. Dette underbyggjer ytterlegare at det var eit inntekspotensiale for riggen og bemanning av denne. Etter det som er opplyst var bemanningsbehovet det same ved drift både før overføringa (kontrakten med Statoil) og etter overføringa (kontrakten med Total). Dette bemanningsbehovet var på rundt 180 tilsette.

Om identitetsvilkåret

Når det gjeld siste vilkåret, identitetsvilkåret, legg lagmannsretten til grunn det same utgangspunktet for vurderinga av vilkåret som Høgsterett tok i avsnitt 83-85 i Songadomen.

(83) Kravet om at den virksomheten som videreføres, i det vesentlige må ha beholdt samme identitet som før overdragelsen, henger sammen med formålet bak reglene om virksomhetsoverdragelse: Skal de ansattes behov for å kunne fortsette det bestående ansettelsesforhold berettigede en videreføring, må ikke den økonomiske enhet som ansettelsesforholdet er knyttet til, ha endret karakter slik at denne framstår som noe annet.

(84) I Rt. 2006 side 71 (SAS) [avsnitt 78](#) til [88](#) er det gitt en bred gjennomgang av EU-domstolens praksis om hvordan identitetsvilkåret skal forstås. Jeg viser til denne.

(85) I Spijkers-dommen avsnitt 13 - også sitert i Rt. 2006 side 71 (SAS) [avsnitt 78](#) - er det gitt følgende oppsummering av hva som må tas i betraktning når det skal avgjøres om identitetsvilkåret er oppfylt:

"Ved afgørelsen af, om dette må anses for tilfældet, må der tages hensyn til samtlige omstændigheder omkring afhændelsen, herunder hvilken form for virksomhed eller bedrift der er tale om, hvorvidt der er sket en overdragelse af de fysiske aktiver som for eksempel bygninger og løsøre, værdien af de immaterielle aktiver på tidspunkt for overdragelsen, hvorvidt den nye indehaver overtager størstedelen af arbejdsstyrken, om kundekretsen overtages samt i hvor høj grad de økonomiske aktiviteter før og efter overdragelsen er de samme, og hvor længe virksomhedens drift eventuelt har været indstillet. Det bemærkes dog i denne forbindelse, at alle disse omstændigheder kun kan indgå som enkelte elementer i den samlede bedømmelse, der skal foretages, og at de derfor ikke kan vurderes isoleret."

Fleirtalet i lagmannsretten, lagdomar Jordal, ekstraordinær lagdomar Stedal og arbeidslivskunnig meddomar Reigstad, har etter ei samla vurdering kome til at den overførte verksemda i det vesentlege har same identitet som før overdraginga, og at identitetsvilkåret såleis er oppfylt.

Før fleirtalet går nærare inn på dei moment som er vektlagt i den samla vurderinga, vil fleirtalet grunngje sitt syn om at eitt moment åleine ikkje kan vera avgjerande ved den vurderinga som skal gjerast. Problemstillinga er aktualisert ved at ankemotparten har gjort

gjeldande talet på overtekne tilsette i dette tilfellet er så lågt at dette momentet åleine tilseier at identitetsvilkåret ikkje er oppfylt. Ankemotpartane har synt til at i april 2018 var 37 av dei 180 tilsette som Stena Drilling PTE Ltd bemanna på Stena Don tidlegare tilsette i Stena Drilling AS, noko som utgjer 20 % av dei tilsette.

Fleirtalet i lagmannsretten finn ikkje rettsleg dekning for at dette momentet åleine kan vera avgjerande eller at det kan oppstillast noko minimuskraft til talet på overførte tilsette.

Fleirtalet legg til grunn, slik det er framhalde avslutningvis i det siterte avsnittet frå Spijkers-omen, at dei momenta som er rekna opp «kan» inngå som enkelte element i den samla vurderinga som skal gjerast, og at dei difor ikkje kan vurderast isolert.

I Spijkers-omen er det eit moment at den «nye innehaver overtar størstedelen av arbeidsstyrken». At dette momentet åleine ikkje kan vera avgjerande, følgjer etter fleirtalet sitt syn av den tilvisinga Høgsterett gjorde i Rt 2012 s 983 (Songa) til den breie gjennomgangen Høgsterett føretok i Rt 2006 s. 71 (SAS) av korleis EU-domstolen sin praksis om dette er å forstå.

I avsnitt 80 i SAS-omen sa Høgsterett følgjande:

(80) I dom av 7. mars 1996 i saken Albert Merckx og Patrick Neuhuys mot Ford Motors Company Belgium SA (61994J0171) fremholdt domstolen at det heller ikke er noe vilkår for at virksomhetens identitet skal anses å være i behold at størstedelen av personalet har fått ansettelse hos den nye virksomhetsinnehaver (avsnitt 26). Saken gjaldt overføring av en rett til å forhandle biler. I dommen ble det konkludert med at rådsdirektiv 77/187/EØF "skal fortolkes således, at direktivets anvendelsesområde omfatter et tilfælde, hvor et selskab, der er indehaver af en ret til at forhandle automobiler i et bestemt område, indstiller sin virksomhed, og forhandlerretten derefter overdrages til et andet selskab, som overtager en del af personalet og drager fordel af en anbefaling over for kundekredsen, uden at der sker nogen overførsel af aktiver".

I det påfølgjande avsnittet i SAS-omen sa Høgsterett dette:

(81) Dette syn er fulgt opp i EF-domstolens dom av 20. november 2003 i saken Carlito Abler mfl. mot Sodexo MM Catering GmbH (62001J0340). Det uttales her at "den omstændighed, at den nye erhvervsdrivende ikke overtager en efter antal og kvalifikationer betydelig del af den arbejdsstyrke, som hos forgængerens udførte de samme opgaver, ikke er tilstrækkeligt til at udelukke, at der foreligger en overførsel af en enhed":

"Som det med rette er blevet anført af Det Forenede Kongerige og Kommissionen ville en modsat betragtning være i strid med det, der er det væsentlige formål med direktiv 77/187, nemlig at erhververen, selv mod sin vilje, er forpligtet til at fortsætte de arbejdsaftaler, som overdrageren har indgået med sine ansatte" (avsnitt 37).

Etter fleirtalet sitt syn følgjer det elles av førenemnde at det ikkje kan utleiast noko minimuskraft til talet på tilsette som vert overført.

I alle tilfelle kan ikkje momentet om kor mange som vart overført, vurderast isolert ut frå situasjonen i april 2018. Dette gjeld særleg når dei overførte utgjorde ein større del av dei tilsette på eit tidlegare tidspunkt. Etter er som er opplyst var 19 av dei 38 tilsette på Stena Don per 1.3.2018 tidlegare tilsette i Stena Drilling AS. Fleirtalet kjem tilbake til korleis talet på overførte tilsette må inngå i den samla vurderinga.

Etter fleirtalet sitt syn er det fleire forhold som peikar i retning av at den verksemda som etter overføringa vart drive i regi av Stena Drilling PTE Ltd, i det vesentlege hadde same identitet samanlikna med drifta Stena Drilling AS stod for.

Eit heilt sentralt momentet er at verksemda framleis er knytt til same rigg. Det er særleg riggen som karakteriserer drifta og som identiteten knyter seg til. At det er snakk om eit framhald av drifta ved same rigg, må etter Rt 2012 s 983 (Songa) tilleggjast monaleg vekt.

Slik fleirtalet ser det har det ikkje vore noko opphald i drifta (aktiviteten) og/eller endring av drifta (aktiviteten) som tilseier ei anna vurdering i denne saka. Dette gjeld etter fleirtalet sitt syn om det er tida rett før og rett etter overføringa ein samanliknar, eller om ein samanliknar lengre tidsperiodar før og etter.

Dersom ein knyter samanlikninga til lengre tidsperiodar før og etter overføringa, er svaret heilt klart; Stena Don var i drift med boring etter olje og gass både før overføringa (Statoil) og etter overføringa (Total).

Samanliknar ein tidsperiodane rett før og rett etter overføringa, er situasjonen at Stena Don låg i varmt opplag på Hanøytangen før det vart vedteke at riggen skulle flyttast til Skottland og verta lagt i kaldt opplag der.

Sjølve vedtaket om å leggja riggen i kaldt opplag, kan etter fleirtalet sitt syn ikkje danna utgangspunkt for samanlikninga av identiteten før og etter overføringa. Samanlikninga må skje med utgangspunkt i situasjonen slik han faktisk blei, ikkje i kva som vart vedteke, jf Rt 2001 s 248 (Olderdalen Ambulanse). Vedtaket om kaldt opplag vil berre ha noko å bety ved samanlikninga av identiteten før og etter overføringa, i den grad vedtaket reint faktisk har vorte realisert, og då på ein slik måte at verksemda endra karakter.

Det har vorte brukt mykje tid under ankeforhandlinga på spørsmålet om kva kaldt opplag er for noko, og om riggen vart lagt i eit slikt opplag.

Tidlegare plattformsjef på Stena Don, Sondre Skifjell, har i lagmannsretten forklart at det i praksis er uaktuelt å leggja ein svært spesialisert og avansert rigg som Stena Don i kaldt opplag. Riggen vil i så fall aldri koma tilbake i drift som borerigg. Dette handlar om at dei kontinuerlege vedlikehaldssystemet må fungera. Vert desse systema skrudd av, vil ein rigg

som Stena Don, ifølgje Skifjell, «stå i sju steinar» etter kort tid, og såleis vera ubrukeleg som borerigg. Dette handlar om komplekse system som er sårbare. Fleirtalet kan ikkje sjå at Skifjells forklaring om desse forholda er motsagt.

Det kan ikkje vera tvil om at Stena Don aldri vart lagt i kaldt opplag på ein slik måte som Skifjeld har skildra. Riggen ville i så fall ikkje kome i drift att, noko han vitterleg gjorde.

Slik fleirtalet oppfattar realiteten i det ankemotparten gjer gjeldande om kaldt opplag, handlar dette om at riggen etter overføringa vart lagt i eit opplag som skil seg både frå det føregåande opplaget og ikkje minst drifta som borerigg på ein slike måte at verksemda har endra karakter. Det er særleg vist til det reduserte bemanningsbehovet ved det nye opplaget. Der riggen i opplag på Hanøytangen kravde 23 tilsette på jobb kontinuerleg i ei rotasjonsordning, skal det på eit tidspunkt berre ha vore naudsynt med sju tilsette på jobb ved opplaget i Invergordon.

Fleirtalet har ingen vanskar med å leggja til grunn at opplaget i Invergordon reint faktisk var organisert annleis enn opplaget på Hanøytangen. Kor store endringane var, og kor langt arbeidet med leggja riggen i ein ny form for opplag var kome, er meir uklart provmessig, utan at det kan utelukkast at dette arbeidet var kome langt. Skilnadene i organiseringa av opplaget er imidlertid ikkje det fleirtalet festar seg mest med ved samanlikninga av opplaget før og etter overføringa. Det er eit grunnleggande fellestrekk ved opplaget av riggen, anten han låg på Hanøytangen eller i Invergordon, at føremålet med opplaget var det same; riggen skulle ut att i drift som borerigg. At dette føremålet med opplaget endra seg undervegs, har aldri vorte lagt til grunn eller påstått. Det er ingenting i dokumentasjon som tyder på at Stena-konsernet på noko tidspunkt vurderte å gje opp å få riggen i drift att som borerigg.

Skapte så opplaget i Invergordon vanskar med å få riggen i drift att? Vanskar som skil opplaget frå opplaget på Hanøytangen?

Slik fleirtalet ser det, er svaret på spørsmåla nei, noko som følgjer av det faktiske hendingsforløpet våren 2018.

Fleirtalet legg til grunn at det allereie i slutten av januar 2018, vart etablert kontakt mellom Total og Stena Drilling PTE Ltd om bruk av riggen til boring etter olje og gass utanfor Shetland. Intensjonsavtalen om oppdraget vart inngått i februar, kontrakten vart inngått i slutten av mars og sjølve oppdraget starta 27. mai.

Klargjeringa av riggen for ny boring skjedde i Scapa Flow. Riggen kom til Scapa Flow etter at han vart flytta frå Invergordon 3. mars. Etter det som er opplyst var riggen klargjort for nytt oppdrag 22. mai. Fleirtalet kan ikkje sjå at det er opplyst om noko ved opplaget etter overføringa som medførte behov for ekstra tid til klargjering av riggen. Heller ikkje

dei tilpassingar som vart gjort før riggen skulle leggjast i opplag i Invergordon, er påstått å hatt nemnande å bety for klargjeringa.

Sjølv klargjeringa skjedde på Scapa Flow innanfor ein tidsperiode som maksimalt kan ha strekt seg frå riggen kom til Scapa Flow etter 3. mars og fram til 22. mai. Det er for fleirtalet mest sannsynleg, men ikkje avgjerande, at det vesentlege av klargjeringa har skjedd etter at kontrakten med Total om oppdraget vart inngått i slutten av mars.

I den grad riggen var søkt lagt i ei eller anna form for kaldt opplag, må dette arbeidet ha stoppa opp ein eller annan gong i perioden frå kontakt vart etablert med Total i slutten av januar og fram til kontrakt vart skriven i slutten av mars. Kor langt dette arbeidet eventuelt var kome, finn som nemnt ikkje fleirtalet det naudsynt å ta stilling til. Det sentrale for fleirtalet i denne samanheng er at riggen var klargjort for nytt oppdrag 22. mai, og at klargjeringa tok under to månader.

Det er uomstridd at det opplaget riggen låg i på Hanøytangen innebar at riggen raskt kunne koma i drift att. Sjølv om opplaget i Invergordon var organisert annleis, kan ikkje fleirtalet sjå at det føreligg skilnader ved opplagsmåtane, som endra karakteren av verksemda. Føremålet med opplaga var den same, nemleg å få riggen i drift att som borerigg. Føremålet var òg uendra når det gjaldt omfanget av bemanningsbehovet ved drift som borerigg. Bemanningsbehovet var om lag 180 då boringa skjedde for Statoil og 180 då boringa skjedde for Total.

At riggen på eit tidspunkt i Invergordon hadde berre sju tilsette på arbeid samstundes, er som nemnt ikkje noko sentralt poeng for fleirtalet, særleg ettersom riggen kunne klargjerast innanfor det tidsintervallet som er lagt til grunn, attpåtil med delvis utskifting av bemanninga.

Av same grunn finn ikkje fleirtalet at dokumentasjon frå Det Norske Veritas om at riggen skal ha vore i kaldt opplag har noko å bety for vurderinga av det førenemnde hendingsforløpet. Det følgjer elles av Skifjelds forklaring, samanhalde med det faktiske hendingsforløpet våren 2018, at riggen ikkje på noko tidspunkt kan ha lege i eit kaldt opplag som hindra eller vanskeleggjorde klargjering av riggen for nye oppdrag som borerigg.

Ved samanlikninga av situasjonen før og etter overføringa, kan fleirtalet såleis ikkje sjå at det er ein slik skilnad mellom det opplaget før og etter overføringa, at dette tilseier at verksemda ikkje i det vesentlege har same identitet etter overføringa.

Det har av dei ankande partar vorte stilt spørsmål ved om kaldt opplag berre vart brukt som ei grunngeving overfor dei tilsette, utan at det på noko tidspunkt var meininga å leggja riggen i kaldt opplag. Sondre Skifjell har mellom anna forklart at ingen eigar vil ha på

papiret at ein rigg som Stena Don har lege i kaldt opplag. Noko slikt ville etter Skifjells forklaring øydelagt for nye oppdrag. Andre ankande partar har påpeikt at vedtaket om det kalde opplaget verka lite planlagt. Sjølv om riggen vart særskilt tilpassa for å kunna liggja i Invergordon, måtte han etter kort tid flyttast derifrå då det synte seg at ankringsplassen var leigd vekk til skipsanløp. Kostnadsreduksjonen ved å ha riggen liggjande i Invergorden, verkar såleis svakt fundert. Endeleg er det påpeikt at det er påfallande at det gjekk kort tid frå riggen vart vedteke lagt i kaldt opplag i Skottland til han starta opp med ny drift og ny bemanning frå Stena Drilling PTE Ltd.

Ettersom fleirtalet i lagmannsretten har kome til om at det ikkje er ein slik faktisk skilnad mellom det opplaget riggen låg i, og det opplaget han vart lagt i, at det endrar karakteren av verksemda, finn ikkje fleirtalet det i denne samanheng naudsynt å gå nærare inn på motivet for vedtaket om å leggja riggen i kaldt opplag.

Som nemnt ovanfor har ikkje fleirtalet funne at talet på tilsette som var overført åleine kan vera avgjerande ved vurderinga av identitetsvilkåret. Fleirtalet har heller ikkje funne rettsleg dekning for at det kan oppstillast noko minimumskrav til kor mange som må vera overført før at det kan føreliggja ei verksemdsoverdraging. Likevel er det slik at talet på tilsette som har vorte overført kan vera eit aktuelt moment i den samla vurderinga som skal gjerast.

Fleirtalet har lagt til grunn at 19 av dei 38 tilsette per 1.3.2018 var tidlegare tilsette i Stena Drilling AS. Seinare utvikla dette seg slik at i april 2018 hadde 37 av dei 180 tilsette tidlegare vore tilsette i Stena Drilling AS. Etter fleirtalet si vurdering kan det utleiast av dette at halvparten av bemanninga på eit tidspunkt etter overføringa kom frå Stena Drilling AS. Som moment i saka, tel det likevel lite, vegd opp mot dei to faktorane som først og fremst vidarefører identiteten til verksemda. Fleirtalet siktar då til at drifta held fram på den same riggen, og at bemanningsbehovet knytt til drifta framstår tilnærma likt før og etter overføringa. Desse to identitetsbevarande faktorarane må etter fleirtalet sitt syn tilleggast ei slik vekt, at ei oppfyljing av identitetsvilkåret ikkje i tillegg vert avhengig av eit slikt idenitetsbevarande moment som ei overføring av svært mange tilsette ville vore. Omvendt vil eit lågt tal på overførte tilsette, i eit tilfelle som dette ikkje rokka ved den vurderinga dei to andre faktorane eintydig talar for.

Elles har ankemotparten vist til at verksemda i dette tilfellet er overført til utlandet, og med tilvising til LA-2016-171472 (OSM-domen) er det gjort gjeldande at ein annan jurisdiksjon m.m. har ført til ei så endra driftsform at identiteten ikkje kan seiast å vera den same etter overføringa.

Til støtte for dette er synt til forklaringa frå Patricia Craig, HR-manager i Stena Drilling HR Ltd, om at arbeidsavtalane no er underlagt britisk rett, ikkje norsk rett, at reglane om skatt, pensjon m.m. er annleis, at norske tariffavtalar ikkje gjeld lenger, at turnusordninga

er endra frå 4/2 (fire veker fri/to veker arbeid) til 3/3 (tre veker fri/tre veker arbeid). Vidare at arbeidsforhold og rutinar er endra og at ansiennitetsprinsippet, i samsvar med britisk rett, ikkje vil koma til nytte ved eventuell nedbemanning.

Vidare er det synt til at grunnlaget for at Stena Drilling PTE Ltd kunne bemanna Stena Don følgde allereie av ein avtale inngått i 2008.

Fleirtalet i lagmannsretten legg til grunn at det i utgangspunktet ikkje får noko å bety for identiteten av verksemda at denne vert overført over landegrensar innanfor EU/EØS-området. Det vert synt til EUs rådsdirektiv 2001/23/EF artikkel 1 nr 2 der det heiter:

«Dette direktiv får anvendelse dersom og i den grad foretaket, virksomheten eller den del av foretaket som skal overdras, ligger innenfor traktatens geografiske virkeområde»

Ei kvar overføring av verksemd til eit anna land vil innebera ein annan jurisdiksjon, andre føresegner og andre marknadsvilkår. Etter fleirtalet sitt syn følgjer av førenemnde rådsdirektiv at i den grad slike forhold gjev ei endra driftsform, skal det likevel svært mykje til for at identiteten av denne grunn ikkje lenger er den same. Noko anna ville i praksis ført til at direktivet ikkje kom til nytte ved overføring av verksemd innanfor EU/EØS-området.

I LA-2016-171472 (OSM-domen), tok Agder lagmannsrett høgde for at endra driftsform på dette grunnlag kan tenkjast å rokka ved identiteten, men at «Dette må i så fall påvises og vurderes konkret». Etter at lagmannsretten rekna opp ulike forskjellar overføringa medførte i den aktuelle saka, konkluderte retten slik: «Lagmannsretten kan imidlertid for sin del ikke se at det som er opplyst om disse forhold, tilsier at virksomhetens identitet er gått tapt etter overføringen»

Fleirtalet finn det ikkje naudsynt å gå nærare inn på rammene for den situasjonen som Agder lagmannsrett tek høgde for, men finn som Agder lagmannsrett det tilstrekkeleg å konstatera at dei forhold som er opplyst om ikkje tilseier at identiteten er gått tapt etter overføringa. For eigen del vil fleirtalet leggja til at direktivet sitt klare utgangspunkt tilseier at det å få medhald i ei identitetsendring på det aktuelle grunnlaget framstår særleg uaktuelt med dei identitetsbevarande faktorane som fleirtalet vektlegg i denne saka.

Mindretalet i lagmannsretten, lagdomar Braathen og arbeidslivskunnig meddomar Iversen, har kome til at identitetsvilkåret ikkje er oppfylt.

Mindretalet finn det tilstrekkeleg å slutta seg til fleirtalet i tingretten sine merknader om dette vilkåret:

Rettens flertall har ikke funnet at identitetskriteriet for virksomhetsoverdragelse er oppfylt. Her skiller de faktiske forhold seg fra Songadommen fra Høyesterett, ved at riggen skulle gå fra å drive med boring etter olje og gass, til å ligge i kaldt opplag i det som da var uoverskuelig fremtid. Hvis det var grunnlag for det ville man eventuelt senere bygge om på riggen med fast forankringssystem. Det vises til de styrevedtak som ble truffet om kaldt opplag og at man iverksatte prosessen med det, både på Hanøytangen, men enda mer i Skottland. De prosesser som ble satt i gang og de beslutninger som ble truffet, var slik rettens flertalls ser det reelle beslutninger. Det vises også til dokumentasjonen fra riggens klassifiseringsselskap, DNV-GL, som ga deklarasjon på at riggen var i kaldt opplag den 1. februar 2018. Riggens drifter kunne ikke vite da man besluttet kaldt opplag, at Totaloppdraget utenfor Shetland skulle endre karakter. Opprinnelig kunne ikke Stena Don møte hele oppdraget, over to år, men senere endret Total tilnærming som gjorde at Stena Don kunne by på første del av oppdraget og nå skal bygges om. Det at forholdene endrer seg på en uforutsett måte, kan ikke endre det at man hadde besluttet kaldt opplag av riggen og var kommet langt på det arbeidet. I denne sammenhengen kan man ikke se vekk fra at da man traff beslutning om kaldt opplag, i stedet for å drive med boring av olje og gass, hadde riggen vært uten oppdrag i ett år, men i varmt opplag. Oppfølgingen med å avslutte et varmt opplag og gå over til kaldt opplag, var en prosess som hadde foregått over lang tid og var ikke en lett avgjørelse å ta uten det som kunne fått mer vidtrekkende betydning enn det senere viste å ende med. Etter en skjønnsmessig totalvurdering finner rettens flertall at det ikke foreligge en virksomhetsoverdragelse da identitetskriteriet ikke er oppfylt. Oppsigelsen skjedde da ikke kun på grunn av at virksomheten knyttet til å bemanne riggen med offshorepersonellet, men at riggen skulle flyttes til kaldt opplag i Skottland, med noen få vaktpersonell, og ikke lengre bemannes mer tilsvarende som for leting av olje og gass, som det varme opplaget i Norge innebar.

Det sentrale for mindretalet er at riggen ikke skulle i andre oppdrag, men leggjast i opplag i uoverskuelig framtid då oppseiingane vart gjeve. Det dreier seg då ikkje om verksemdsoverdraging, men heller om konsernøkonomiske vurderingar som grunnlag for at nedbemanning og flytting av riggen skjedde. Det siste kjem mindretalet tilbake til i eit eige avsnitt nedanfor.

I samsvar med fleirtalet sitt syn, vert det etter dette lagt til grunn at det føreligg ei slik verksemdsoverdraging som er eit vilkår for rett til skadebot etter arbeidsmiljølova § 16-4, jf § 15-12.

Om oppseiingane er i strid med arbeidsmiljølova § 16-4

Arbeidsmiljølova § 16-4 første lekk fastslår at ei verksemdsoverdraging «er ikke i seg selv grunn for oppsigelse eller avskjed frå tidligere eller ny arbeidsgiver». Paragrafen gjev såleis eit oppseiingsforbod knytt til verksemdsoverdraging, men er ikkje til hinder for at det vert gjeve oppseiing av andre grunnar.

Oppseiingsforbodet i § 16-4 byggjer fullt ut på rådsdirektiv 77/187/EØF, der det i artikkel 4 nr 1 mellom anna er sagt følgjande:

Overdragelse av et foretak, en bedrift eller deler av en bedrift er i seg selv ingen oppsigelsesgrunn for overdrageren eller erververen. Denne bestemmelsen er ikke til hinder

for at oppsigelser kan finne sted av økonomiske, tekniske eller organisasjonsmessige årsaker som medfører endringer i arbeidsstyrken.

I Ot.prp nr 71 (1991-1992) side 23 er det føresett at § 16-4, innanfor den alminnelige saklegnorma som følgjer av lova, må supplerast med dei kriteria som artikkel 4 nr 1 oppgjev.

Ut over forbodet mot oppseiing knytt til overføringa, følgjer det ikkje av direktivet at det skal skje ei harmonisering av stillingsvernet i medlemslanda. Det er opp til nasjonal rett å regulera det rettmessige knytt til oppseiing og avskil som fell utanfor forbodet i artikkel 4 nr. 1. Direktivet oppstiller altså ingen avgrensingar for oppseiingar av andre grunner enn overdraginga.

Lagmannsretten har delt seg i spørsmålet om oppseiingane i denne saka er i strid med oppseiingsforbodet, og om dei oppsagte har krav på skadebot.

Fleirtalet i lagmannsretten, lagdomar Jordal, ekstraordinær lagdomar Stedal og arbeidslivskunnig meddomar Reigstad, meiner oppseiingane er i strid med arbeidsmiljølova § 16-4, og at dei oppsagt har krav på skadebot etter arbeidsmiljølova § 15-12.

Fleirtalet finn innleiingsvis å knyta nokre merknader til det faktum ankemotparten gjer gjeldande som grunnlag for at oppseiingane ikkje var i strid med § 16-4.

Ankemotparten har vist til at riggen på oppseiingstidspunktet hadde lege i opplag utan oppdrag i eitt år. Det var ikkje utsikter til nye oppdrag og perioden for å dra veksjar på den norske permitteringsordninga var i ferd med å løpa ut. Riggen hadde ikkje gjeve inntekter på eitt år, berre kostnader, og kostnadene ville no auka, utan at det var utsikter til oppdrag og inntekter. Etter ankemotparten si meining hadde arbeidsgjevar i ein slik situasjon fullt ut grunnlag for å føreta oppseiingar.

For fleirtalet synest det rimeleg klart at ein arbeidsgjevar som rår over alle innsatsfaktorane som trengs for å driva ein borerigg, i ein slik situasjon ville hatt grunnlag for å føreta nedbemanning. I dette tilfellet var imidlertid arbeidsgjevar, Stena Drilling AS, eit reint bemanningsselskap. Arbeidsgjevar rådde såleis ikkje over fleire innsatsfaktorar enn sine egne tilsette. Etter det partsrepresentanten for Sea Drilling AS har forklart, fungerte dette slik at Stena Drilling AS si oppgåve utelukkande var å syta for naudsynt arbeidskraft til Stena Don. Lønnskostnadene vart dekkja ved overføring frå eit anna selskap i Stena-konsernet. Stena Drilling AS hadde følgjeleg ikkje egne inntekter, eller kostnader, utover det som knytta seg til løn for dei tilsette. Om eit slikt selskap får i oppgåve å bemanna med færre folk, vil såleis i lita grad påverka resultatet til selskapet. I den aktuelle

selskapsstrukturen ville ein kostnadsreduksjonen ved ei nedbemanning på riggen eventuelt gagna andre selskap enn det selskapet der arbeidsgjevaransvaret ligg.

Selskapsstrukturen er òg naudsynt å ha med seg ved vurderinga av dei vedtak som vart gjort i oktober 2018, og som leidde fram til oppseiingane.

I den framstillinga av saka tingretten har gjeve, og som lagmannsretten har tiltredd ovanfor, er hendingsforløpet framstilt slik:

I styremøte den 12. oktober 2017 i Stena Don Cyprus Limited ble disse forholdene diskutert og ifølge protokollen gjorde man det for å spare penger som var viktig for fortsatt drift. I tillegg til ovenstående om besparelse ved varmt opplag, ble det opplyst at man ville undersøke mulighetene ved ytterligere besparelser ved kaldt opplag før oppgraderinger av riggen, samt at det snart ville bli presentert sak for styre om oppgradering, jfr. ankringssystemet. I følge forslaget var det i Norge verken ledige steder for kaldt opplag eller ledige tørrdokkmuligheter for oppgradering. Det ble også vurdert at det var få muligheter for oppdrag i Norge for riggen. Styret beslutter å flytte riggen og at eksisterende «Drilling management agreement» med Stena Don AS sies opp og at det inngås ny avtale med Stena Drilling Ltd.

Det blir den 13. oktober 2017 holdt felles styremøte i Stena Don AS, Stena Drilling AS og Stena Drilling Management AS. Bakgrunnen for møte var beslutningen fra riggeier om å flytte riggen fra Norge til Storbritannia. Det fremgår at det da var 69 offshore ansatte for å ha riggen i varmt lager, mens 109 var permitterte. Styret besluttet, blant annet, å si opp alle ansatte i Stena Drilling AS.

I oppseiingsbrevet til dei tilsette vart det synt til informasjonsskriv dagsett 30.10.2018 samt drøftingsmøte etter arbeidsmiljølova § 15. Det vart i brevet orientert om at arbeidsgjevar hadde føreteke ei endeleg vurdering av dei omstenda som var gjort greia for i informasjonsskrivet og møtet, men at resultatet var oppseiing.

Informasjonsskrivet av 30.10.2018 var stila til dei alle tilsette på Stena Don, og hadde overskrifta «Varsel om masseoppsigelser i Stena Drilling AS». Dei innleiande avsnitta i skrivet lyder slik:

Som en følge av den dårlige markedssituasjonen i oljebransjen de siste årene, og det faktum at Stena Don ikke har hatt kontrakt på nærmere 1 år, har styret i Stena Drilling AS besluttet å ta riggen ut av Norge for å legge riggen i kaldt opplag i Invergordon, UK. Stena Drilling har jobbet hardt for å skaffe Stena Don kontrakt, men har dessverre ikke lykkes med dette.

Det er inngått en avtale med fagforeningene Industri Energi og SAFE om at videre arbeid utenfor norsk kontinentalsokkel i perioden hvor riggen blir preservert for kaldt opplag i Invergordon, så vil dette skje i henhold til norske vilkår inntil arbeidet med preservering er fullført, oppsigelser er gitt og oppsigelsesperioden er utløpt.

Stena Don vil i fremtiden bli markedsført både på UK og Norsk sektor, og man vet derfor ikke med sikkerhet om eller når riggen kan komme tilbake til Norsk sektor.

Som følge av dette ser ikke Stena Drilling AS noen annen mulighet enn å gå til oppsigelse av samtlige ansatte.

Som det er gjort greia for framom, gjev ikkje ei verksemdsoverdraging i seg sjølv grunnlag for oppseiing. Og, som det er framhalde, er ikkje § 16-4 «til hinder for at oppsigelser kan finne sted av økonomiske, tekniske eller organisasjonsmessige årsaker som medfører endringer i arbeidsstyrken.»

Ei oppseiing vil på grunn av forbodet i § 16-4 naturleg nok aldri vera grunngeve i verksemdsoverdraging. Samstundes er det klart at motivasjonskontrollen i desse sakene, tilsvarende i stillingsvernsaker etter same lov § 15-7, ikkje er avgrensa til å prøva den grunngeving arbeidsgjevar sjølv oppgjev, men vil ha som føremål å få avklart den reelle motivasjonen for oppseiinga.

Eit tilleggsaspekt ved prøving av vilkåra etter § 16-4, er at vurderinga av om det føreligg ei verksemdsoverdraging er ei objektivisert prøving. Med andre ord kan det føreliggja ei verksemdsoverdraging heilt uavhengig av dei involverte aktørane si subjektive oppfatning av om det var ei verksemdsoverdraging dei gjennomførte. I nærverande sak har ankemotparten opplyst at fleire juridiske rådgjevar i forkant av overføringa meinte at dette ikkje var ei verksemdsoverdraging. Kva tru eller kunnskap arbeidsgjevar har hatt om dette, har ikkje noko å bety for spørsmålet om det førelåg ei verksemdsoverdraging. Det kan heller ikkje ha noko å bety for spørsmålet om den reelle motivasjonen for oppseiingane.

Sønsteli Johansen og Stueland (red) har i Arbeidsmiljøloven Kommentarer og praksis, 2. utgåve, (2015), på side 1065-1066 sagt noko om korleis ein avgjer kva som er grunngevinga etter § 16-4:

For å kunne avgjøre om en oppsigelse har sin begrunnelse i overdragelsen «må det tages i betraktning, under hvilke objektive omstendigheter afskedigelsen er sket navnlig – i eit tilfælde som det, der foreligger i denne sag – om den har virkning fra et tidspunkt, der ligger tæt på overførselstidspunktet, og om de pågældende arbejdstagere er belevet genansatt af erververen (se sak 101/87 (Bork), avsnitt 18).

Det følgjer altså av Bork-domen at det er «under hvilke objektive omstendigheter afskedigelsen er sket» at grunngevinga må bestemmast.

Det var ved styrevedtak den 12.10.2018 i Stena Don Cyprus Ltd, selskapet som eigde riggen, at det vart vedteke flytting av riggen til UK samt å seia opp eksisterande

bemanningsavtale med Stena Drilling AS og inngå ny slik avtale med Stena Drilling PTE Ltd.

Dagen etterpå, den 13.10.2018, vedtok styremøtet i Stena Drilling AS å seia opp alle dei tilsette i selskapet. Bakgrunnen for dette møtet var riggeigar sitt vedtak dagen før om å flytta riggen til UK.

Stena Drilling AS skreiv i varselet til dei tilsette om masseoppseiing at den dårlege marknadssituasjonen og det faktum Stena Don ikkje har hatt kontrakt på eitt år, hadde gjort at «styret i Stena Drilling AS (har) besluttet å ta riggen ut av Norge for å legge riggen i kaldt opplag i Invergordon, UK». Dette er ikkje dekkande for kva som skjedde. Det var riggeigar som vedtok å ta riggen ut av Noreg, ikkje Stena Drilling AS. Det er òg riggeigar som dagen før sa opp bemanningsavtalen med Stena Drilling AS. At bemanningsavtalen vart oppsagt er det ikkje sagt noko om i varselet.

For Stena Drilling AS er det ikkje marknadssituasjonen eller det faktum at Stena Don ikkje har hatt kontrakt på eitt år, som er den utløyande årsak til varselet om masseoppseiinga. Det er oppseiinga av bemanningsavtalen og det faktum at riggeigar har vedteke å inngå ny bemanningsavtale med eit anna selskap.

At dette er bakgrunnen forklarar òg kvifor alle vart oppsagt. Sjølv flytting av riggen til Invergordon trong ikkje resultera i ei oppseiing av alle dei tilsette. Dersom ein tenkjer vekk vedtaket om å seia opp bemanningsavtalen med Stena Don, men held fast på vedtaket om å flytta riggen til Invergordon, kunne Stena Drilling AS hatt grunnlag for å seia opp alle tilsette som ikkje var naudsynte for å halda riggen i opplag i Skottland. Etter det som er opplyst var det berre naudsynt med sju tilsette ved opplaget i Invergordon. Då kunne ein til dømes tenkt seg at 173 vart oppsagt, med andre ord dei fleste tilsette. Men det var ikkje dei fleste tilsette som vart oppsagt, det var alle dei tilsette. Og det skjedde utan at drifta av riggen vart gjeven opp. Verksemda vart ikkje avvika eller innstilt, ho vart vidareført, først ved at riggen låg i opplag, dinest ved at han kort tid etter kom i drift att som borerigg.

For fleirtalet er det såleis det forhold at bemanningsavtalen med Stena Drilling AS vart oppsagt og erstatta med bemanning frå Stena Drilling PTE Ltd, som er grunnen til at oppseiingane skjedde på det tidspunkt dei skjedde. At absolutt alle dei tilsette i Stena Drilling AS vart oppsagt, tydeleggjer denne samanhengen. Overføringa av bemanningsansvaret inngår i det som fleirtalet finn er ei verksemdsoverdraging. Oppseiingane må etter fleirtalet sitt syn vurderast som eine og åleine å vera grunna i denne verksemdsoverdraginga. At oppseiingane kunne vore grunngeve på ein annan måte, er ikkje avgjerande for fleirtalet. Det avgjerande er kva som var den reelle motivasjonen for oppseiingane, og det var verksemdsoverdraginga. Dersom oppseiingane hadde vore grunngeve som skissert ovanfor, med eit redusert bemanningsbehov som følge av opplaget i Invergordon, så måtte det skjedd ei utveljing mellom dei tilsette. Det skjedde

ikkje, ettersom alle vart oppsagt. At det framleis var eit bemanningsbehov knytt til opplaget i Invergordon, og at drifta av riggen ikkje var oppgjeve, viser at det ikkje var grunnlag for å seia opp absolutt alle dei tilsette innanfor ramma av arbeidsmiljølova § 16-4.

Ettersom fleirtalet har kome til at oppseiingane åleine er grunna i verksemdsoverdraginga, føreligg det etter arbeidsmiljølova § 16-4 tredje lekk, jf § 15-12 andre lekk, grunnlag for dei ankande partar sitt krav om skadebot.

Mindretalet, lagdomar Braathen og arbeidslivskunnig meddomar Iversen, meiner oppseiingane ikkje er gjeve i strid med arbeidsmiljølova § 16-4 og at det såleis ikkje er grunnlag for krav om skadebot etter same lov § 15-12.

Som det framgår ovanfor er mindretalet ikkje samd i at det i føreliggjande sak føreligg ei verksemdsoverdraging. Etter mindretalet si vurdering er det alternativt heller ikkje grunnlag for å fastslå at oppseiingane skuldast ei verksemdsoverdraging, jf. arbeidsmiljølova § 16-4.

Mindretalet si vurdering tar utgangspunkt i følgjande sitat frå lovkommentar til arbeidsmiljølova av Jan Fougner m.fl. på Juridika.no, à jour per 1.7.2019:

Bestemmelsen er en forbudsbestemmelse som rammer oppsigelse og avskjed med grunn i overføringen. Hvis en oppsigelse er i strid med § 16-4 første ledd, er den forbudt, og det er ikke rom for en konkret saklighetsvurdering som ved oppsigelse ellers, jf. § 15-7. Tilsvarende vil en avskjed som rammes av bestemmelsen, også være forbudt, og det er ikke rom for en konkret rettmessighetsvurdering som ellers etter § 15-14.

Oppsigelse eller avskjed som rammes av forbudet, er ugyldig og kan gi grunnlag for erstatning. Dette følger av § 16-4 tredje ledd med henvisninger, som riktignok ikke henviser til avskjedsbestemmelsen i § 15-14 til tross for at avskjedsalternativet er med i første ledd.

Forbudet etter direktivets bestemmelse omfatter oppsigelser «som alene er begrundet i overførselen af virksomheden», jf. for eksempel EF-domstolens dom i [Danmols-saken \(sak 105/84\) premiss 25](#). Hvis det foreligger en tilleggsbegrunnelse, rammes denne i prinsippet ikke av forbudet og må bedømmes etter oppsigelsesadgangen i det enkelte medlemslands nasjonale rett. Direktivet angir selv en avgrensning av forbudet ved følgende bestemmelse i [art. 4 nr. 1 første ledd andre setning](#):

«Denne bestemmelse er ikke til hinder for at oppsigelser kan finne sted av økonomiske, tekniske eller organisasjonsmessige årsaker som medfører endringer i arbeidsstyrken.»

Denne bestemmelsen forutsetter uttrykkelig at de angitte årsaker må medføre «endringer i arbeidsstyrken». Økonomiske, tekniske eller organisasjonsmessige årsaker som tilsier en omorganisering, uten at det medfører en reduksjon i behovet for arbeidstakere, omfattes ikke av denne bestemmelsen. Spørsmålet blir derfor i praksis om det foreligger andre grunner til oppsigelse enn overføringen «i seg selv». Den siterte bestemmelsen i artikkel 4 nr. 1 første ledd annen setning er ikke innarbeidet i den norske lovteksten. Departementet

la til grunn at oppsigelser som ikke alene er begrunnet i overføringen, må bedømmes etter lovens bestemmelse om det alminnelige saklighetsvern, jf. [Ot.prp. nr. 71 \(1991–1992\) s. 34 \(pkt. 6.1\)](#) og § 15-7.

Den reelle, og for den saks skuld den formelle, grunngevinga for oppseiingane var nedbemanning som følgje av at riggen skulle i opplag, igjen som følgje av manglande oppdrag. Det var såleis økonomiske årsaker som grunn gav oppseiingane (og flyttinga av riggen til UK-sektor).

Riggmarknaden var generelt svært krevjande på denne tida og mindretalet har merka seg at fleire av dei andre riggane til Stena låg utan oppdrag fleire stader utanfor norsk kontinentalsokkel. Mindretalet har ingen grunn til å tvila på det opplyste om at mannska på desse riggane godtok eit stort lønskutt som alternativ til oppseiing grunna naudsynt nedbemanning. Ei slik løysing framstår etter mindretalet sitt syn ikkje realistisk for arbeidstakarar som fell inn under norsk rett, og ei slik alternativ løysing vart heller ikkje teke opp korkje av arbeidsgjevarsida eller av dei tillitsvalde då nedbemanningsprosessen vart sett i gang.

Riggeigaren hadde i lang tid halde riggen «varm» i norsk farvatn med store kostnader. Utsiktene til oppdrag var uendra då vedtaket om å nedbemanna og flytta riggen vart teke. Det enda då òg med at riggen vart lagt til kai og vart så «kald» som ein slik rigg forsvarlegvis kan gjerast utan at han må skrotast. Det var då berre nokre få vaktmannskap som passa riggen og dei hadde ikkje eingong behov for offshore-kompetanse.

Mindretalet vil i tillegg leggja til at det ikkje er noko å utsetja på arbeidsgjevar si saksbehandling i samband med nedbemanninga.

I samsvar med fleirtalet sitt syn vert etter dei ankande partar sitt krav om skadebot teke til følgje.

Kravet om fastsetjingsdom

Dei ankande partar har kravd at det må seiast fastsetjingsdom for at det føreligg ei verksemdsoverdraging. Ankemotparten meiner det ikkje er grunnlag for å få dom for eit slikt krav og at kravet må avvistast.

Det følgjer av tvistelova § 1-3 at den som reiser sak må «påvise et reelt behov for å få kravet avgjort i forhold til saksøkte». Saksøklar har provbøra for at det føreligg eit slikt reelt behov.

Av NOU 2001:32 A side 187 følgjer det at saksøklar må ha eit «aktuelt behov for rettslig avklaring». I lovkommentar til tvistelova av Tore Schei m.fl. på Juridika.no (à jour per 1.9.2016) er det uttalt at avgjerda må ha noko å bety for parten rettsleg eller faktisk.

Lagmannsretten har delt seg i spørsmålet om kravet om fastsetjingsdom skal takast til følge.

Fleirtalet i lagmannsretten, lagdomar Jordal, lagdomar Braathen og arbeidslivskunnig meddomar Iversen, meiner det ikkje er grunnlag for å ta kravet til følge og at kravet må avvissast.

Fleirtalet syner til at dei domar der fastsetjingsdom har vorte aktualisert innan arbeidsretten, er der arbeidstakar har rettsleg interesse i å få fastsett at det føreligg ei oppseiing eller ein avskil. Å få dom for at det føreligg ei verksemdsoverdraging, er noko anna, og noko som ikkje framstår å ha tilsvarande å bety for parten.

Fleirtalet finn ikkje støtte i HR-2018-1036-A for at det i nærverande sak er grunnlag å seia fastsetjingsdom. Det er sagt i avsnitt (39) i dommen, med tilvising til Rt 2008 s 362, at utgangspunktet er at ein tvistegenstand som gjeld ein rettsleg karakteristikk, er eit «rettskrav», med mindre det er usikkert kva rettsverknadene vil vera. Fleirtalet finn det usikkert kva rettsverknadene av fastsetjingsdom i nærverande sak vil vera.

Fleirtalet finn heller ikkje at tilvisinga til EU/EØS-rett eller menneskerettslovgjevinga, underbyggjer at det i dette tilfelle er grunnlag for å ta kravet om fastsetjingsdom til følge.

Lagdomar Jordal vil for sin del ikkje utelukka at det kan krevjast fastsetjingsdom for verksemdsoverdraging i eit tilfelle der parten ikkje har fått medhald i eit skadebotkrav basert på at det har skjedd ei verksemdsoverdraging. I denne saka har partane fått medhald i eit fullførings søksmål basert på at det har skjedd ei verksemdsoverdraging, og lagdomar Jordal finn det difor uaktuelt å gå nærare inn på denne problemstillinga.

Mindretalet, ekstraordinær lagdomar Stedal og arbeidslivskunnig meddomar Reigstad, meiner det er grunnlag for å ta kravet om fastsetjingsdom til følge.

Mindretalet syner til at det følgjer av Rt 1991 s 1468 og HR-2018-1036-A at det ikkje er grunn til å stilla for strenge krav til søksmålsinteressa i arbeidsrettssaker. I sistnemnde dom er det same uttalt når det gjeld krav til «reelt behov». Mindretalet meiner at arbeidstakarane har rettsleg interesse i ein dom for at oppseiingane er urettmessige.

I HR-2018-1036-A fann Høgsterett at saksøkjjar hadde rettsleg interesse i å få fastslått at reisetida var arbeidstid i relasjon til verneføresegnene i arbeidsmiljølova kapittel 10. Mindretalet finn at mykje av dei same behov gjer seg gjeldande i denne saka, både for partane og partshjelpar, og at det dermed føreligg grunnlag for å ta kravet om fastsetjingsdom til følge.

I samsvar med fleirtalet sitt syn vert etter dette dei ankande partar sitt krav om fastsetjingsdom å avvisa.

Sakskostnader

Dei ankande partar har fått medhald i kravet om skadebot etter arbeidsmiljølova § 16-4, men ikkje i kravet om fastsetjingsdom for at det føreligg ei verksemdsoverdraging. Når saka gjeld fleire krav mellom dei same partar, vil det samla utfallet vera avgjerande ved sakskostnadsavgjerda, jf tvistelova § 20-2 andre lekk.

For baa krava er det spørsmålet om det føreligg verksemdsoverdraging, som er det sentrale temaet. I dette spørsmålet har dei ankande partar fått medhald i sitt syn. Likeeins har dei ankande partar fått medhald i at oppseiingane aleine var grunna i verksemdsoverdraginga, noko som òg har vore eit tema det har vorte brukt mykje tid på. Lagmannsretten finn likevel at dei ankande partar ikkje kan seiast å ha vunne saka fullt ut eller i det vesentlege, jf tvistelova § 20-2 andre lekk. I lovkommentaren til tvistelova § 20-2 på rettsdata.no skriven av Sam E. Harris (à jour per 24.1.2018), er det framhalde at «Medhold «i det vesentlige» er oppnådd når resultatet for parten er så gunstig at motparten ikke har oppnådd noe av betydning sammenholdt med det som ville vært situasjonen om motparten hadde akseptert den vinnende parts standpunkt fullt ut før sak ble reist». Lagmannsretten finn ikkje at dette er tilfellet i denne saka. Ankemotparten har fått medhald i at kravet om fastsetjingsdom vert avvist, og har såleis oppnådd eit resultat som har noko å bety samanhalde med om ankemotparten hadde akseptert dette standpunktet. At spørsmålet om fastsetjingsdom har prinsipielle sider, slik både dei ankande partar og ankemotparten har framheva, underbyggjer dette standpunktet.

Lagmannsretten finn likevel at dei ankande partar har fått «medhold av betydning» og etter tvistelova § 20-3 kan dei i eit slikt tilfelle heilt eller delvis tilkjennast sakskostnader frå motparten «hvis tungtveiende grunner tilsier det». I førearbeida til tvistelova § 20-3 er det understreka at den klare hovudregelen bør vera at partane i slike tilfelle ikkje vert tilkjent sakskostnader, i alle fall ikkje fullt ut. Terskelen for å nytta denne unntaksregelen må dermed liggja relativt høgt, jf Rt 2010 s 1587.

Lagmannsretten kan ikkje sjå at det føreligg slike tungtvegande grunnar som lova stiller krav om. Lagmannsretten har vurdert vilkåret ut frå det vurderingstemaet lova oppstiller, der det i tillegg til momenta i tvistelova § 20-2 tredje lekk andre punktum, skal leggjast særleg vekt på kor mykje partane har fått medhald og kor stor del av sakskostnadene som knyter seg til den aktuelle delen av saka. Kravet om fastsetjingsdom, som ankemotparten har fått avvist, let seg vanskeleg vurdere som om det var eit pengekrav eller eit tilsvarende rettskrav. Det er ikkje opplyst om rettspraksis etter norsk rett der eit krav om fastsetjingsdom for verksemdsoverdraging er teke til følgje, og rettsverknadene av ein slik dom er både omtvista og uavklarte. Samla sett finn ikkje lagmannsretten at det føreligg

slike tungtvegande grunnar som gjev grunnlag for å fråvika det som skal vera hovudregelen etter tvistelova § 20-3

Krav om sakskostnader vert etter dette ikkje teke til følgje, korkje for lagmannsrett eller tingrett.

Domen er sagt med slike dissensar som framgår ovanfor.

Domen er ikkje sagt innan fristen i lova. Dette skuldast i hovudsak vanskar som følgje av koronasmitten og tiltaka knytt til denne.

DOMSSLUTNING

1. Kravet om fastsetjingsdom for at det føreligg ei verksemdsoverdraging vert avvist.
2. 82 NN Personer har krav på skadebot frå Stena Drilling AS i medhald av arbeidsmiljølova § 16-4.
3. Sakskostnader vert ikkje tilkjent korkje for lagmannsrett eller tingrett.

Per J. Jordal

Knut Harald Braathen

Birger A. Stedal

Torbjørn Reigstad

Holger Baugstø Iversen

Som rettsleiar, lagdomar Per J. Jordal, stadfestar eg ved min signatur at også dei andre medlemmene av retten har godkjent innhaldet i avgjerda, jf. forskrift 27. mars 2020 nr. 459 § 7 andre lekk.

Dokument i samsvar med undertegnet original

Line Liebrecht Steffensen